


Kyrkjelydsblad  
for  
Arna



NR. 3

APRIL 1988

21. ÅRG.




Konfirmantane i Arna kyrkje 1987.  
(Foto: Fotograf Reimers.)

**KONFIRMASJON I ARNA: Side 8-9**

## VENNSKAPETS NÅDE – VENNSKAPETS BETINGELSE

«Ingen har større kjærlighet enn den som gir sitt liv for sine venner. Dere er mine venner hvis dere gjør det jeg befaler dere».

Johs. 15.13-14



«Dere er mine venner». For en NÅDE. Så er det iallfall én som forstår oss – helt til bunns. En vi kan bry – til alle døgnets tider! – med alle våre skjulte bekymringer, alle våre urolige og forvirrede tanker, alle våre sviende nederlag: ALT kan vi komme med – til en VENN. Til en som har bevist hvor glad han er i sine venner: «Ingen har større kjærlighet enn den som gir sitt liv for sine venner». Er du i tvil om hans vennskap? SE TIL GOLGATA! Der gav han sitt liv for ALLE sine venner. Ikke bare de snille, de vellykkete, de fromme og gode! Han hadde atskillig bry med sine venner den gang. De svikket ham alle – da mest det gjaldt. Men allikevel gav han sitt liv for dem alle. Han har atskillig bry med sine venner også i dag. Vi svikter ham gang på gang. Men også for oss gav han sitt liv og utgjøt sitt dyre blod. Slik er Vår VENNS ubegripelige kjærlighet til sin skropelige venneflokk på jord. Vi får daglig leve i VENNSKAPETS NÅDE.

Men vennskapet har en vesentlig BETINGELSE: «Dere er mine venner HVIS DERE GJØR DET JEG BEFALER DERE».

Vi takker Gud for vennskapets NÅDE. Men vi glemmer vel ikke vennskapets BETINGELSE?

Georg Johnsen  
i «Veien, Sannheten og Livet».

## Trude Stendal vel sin song

Trude Stendal frå Bergen har vore med og hausta mange singlar for det norske kvinnelandslaget i fotball. No er ho sett ut av spelet for ei stund på grunn av ein operasjon i kneet.

Trude har mange singlar ho er glad i. Særleg likar ho gospel og set pris på rytmane i denne musikkforma. Men når ho skal plukke ut ein norsk kristen song, fell valet på «Skapt av Gud til kjærlighet» av Bjørn Eidsvåg. Denne songen handlar mellom anna om at kvart menneske er skapt unikt. Kvar einskilt kan bruke det han er og har til å kjempe for det gode og mot alt som bryt ned.

Trude tykkjer denne songen er ein fin oppleving til kristne om å leve ut seg sjølve og ikkje berre kopiere andre. For vi har berre eit verkeleg føredøme, Jesus.


Gud har gitt oss mange oppgåver å utføre, og vi får leve i hans kjærleik. Vi får lov til å vende blikket mot det positive, mot utfordringane.

Som kristen kan ein slutte å leve i synda og i staden leve i syndstiltgjevinga. Dette gir også frimod til å elske kvarandre.

## Nytt telefonnummer

Ein del telefonnummer i Ytre Arna er no endra. Det gjeld og privatnummeret til res.kap. Harald Sundsbø. Det nye nummeret er 24 75 53.

## Vigsling av Takvam kapell



Søndag 5. juni kl. 17.00 vert det nye Takvam kapell vigsla. Det er biskop Per Lønning som føretek den høgtidlege handlinga og det vert og den første tenesta han har i Arna prestegjeld etter han tok til som biskop i Bjørgvin. Forutan prestane i Arna deltek og domprosten og sokneprestane Finn Halle Tvedt og Ingvar Fykse.

Etter vigslinga bed nemnda for Takvam kapell inn til fest i Tunes bedehus for bygdefolk og innbedne gjestar. Der vert biskop Thor With festtalar.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv.39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

# BYGDESTOVE PÅ TRENGEREID



På bildet ser vi deltakarar i barneparken som ei foreldregruppe står ansvarleg for. Det er 20 born som er saman måndag, onsdag og fredag om føremiddagen.


Utgangspunktet for å innreia ei bygdestove på Trengereid var barneparken sitt store behov for husrom og eit uinnreia kjellarlokale i Bedehuset. Allmøtet på Trengereid, d.v.s. alle lag og foreningar på plassen, vart tildelt kr. 50.000 i statsmidlar og valgte å nytta alle desse for å få i gong arbeidet med det nye lokalet. Eit godt samarbeid mellom ulike grupper i lokalsamfunnet gjorde det så mogeleg å fullføra arbeidet. Foreldregruppa i barneparken stod for ein kjempefin dugnadsinnsats samt kronerulling. Styret i Bedehuset bevilga pengar og skulen bevilga arbeidstid for vaktmeister og skuleassistent, og den tok og på seg administrasjon av arbeidet.

Bygdestova, som er på ca. 48 m<sup>2</sup>, er no ferdig og vert i dag nytta til m.a. barnepark 3 dagar i veka, søndagsskule, div. møte i Bedehuset sin regi og øvingslokale for Trengereid songlag.

– For dei minste –

## Lær deg å slå opp i Bibelen!

1. I Joh. 21,1 er det nevnt ein sjø. Kva for ein?
2. I Matt. 13,31 vert himmelriket samanlikna med eit slag frø. Kva slag?
3. I Ap.gj. 19,1 står det om ein by Paulus kom til. Kva for ein?
4. I Mark. 5,22, står det om ein mann. Kva slags yrke hadde han?  
(Fra Barnelederen, Indremisjonsselsk.)



Konfir-  
mant  
prinsen



Den mest kjende konfirmanden i år vert utan tvil prins Haakon Magnus. Første søndag i advent vart han skriven inn som konfirmand i Asker kyrkjelyd, der han vil fylgja det vanlege opplegget saman med bortimot 200 andre. Sjølv konfirmasjonshøgtida vil ikkje bli i Asker kyrkje, men i Slottskapellet 18. september, der biskop Andreas Aarflot forrettar.

Prins Haakon Magnus har valt å fylgja konfirmandførebuinga etter ein såkalla «sommarleirmodell.» Dette inneber 5-6 samlingar før sommarferien og ei veker konfirmandtleir på Risøy folkehøgskole i første halvdel av august. 160 konfirmandar vil delta der. På programmet for konfirmandtleiren står uteaktivitetar av ulike slag, temasamlingar og nattverds-gudsteneste, det siste er sjølvsagt ei friviljug sak.

Skulegangen sin har prinsen ved Kristelig Gymnasium i Oslo, der også prinsesse Märtha Louise er elev. Begge er med i skulen sitt kor. Julaften song dei i Fagerborg kyrkje med kronprinsparet som tilhøyrarar på første benk.

## Stor gåve til misjonen

Den norske Santalmisjonen har fått ei gåve på 1,2 millionar kroner frå ein misjonsven i Rogaland. Dette er ei av dei største gåvene som nokonsinne er blitt gjeven til ein misjonsorganisasjon her i landet.

Bokmeldinga denne gongen gjeld ikkje ei bok som skal lesast frå perm til perm. Men det er ei oppslagsbok til hjelp for bibellesarar. Ja, ikkje berre for dei som er godt kjende i Bibelen, men like mykje for dei som er usikre på korleis ein skal finna fram i Bibelen. Mange bibelord hugsar vi, men det er slett ikkje sikkert vi så lett kan finna fram til kvar akkurat det ordet står skrive.

Til dette er boka «Ord i Bibelen» ei svært god hjelp. Her finn ein 7400 ulike oppslagsord, og det er i boka 110.000 tilvisingar til kvar desse orda er brukt i Bibelen. Hugsar ein eit ord frå eit bibelvers, kan ein slå opp dette ordet og såleis finna fram til stadene dette ordet er brukt. Der finn ein og sitat av delar av bibelversa ordet er brukt i, og då kan ein lett sjå kva vers ein er på leiting etter.

Boka er bygd opp på ein oversiktleg måte, og det er lett å finna fram. Orda er henta frå den nye bibelomsetjinga på bokmål, og det er den mest omfattande bibelordboka som er gjeven ut på norsk.

For alle som vil vita kvar eit bibelord er å finna, er denne boka til stor nytta. Boka er gjeven ut av Det Norske Bibelselskap og er utarbeidd av Gunnar Johnstad.

Gunnar Johnstad:  
ORD I BIBELEN  
Det Norske Bibelselskap 1987

Harald Sundsbø

# PINSA – DEN GLØYMDE HØGTID, seier sokneprest Thor Harald Nielsen

— Vi har vore for lite flinke til å forkynda pinsebodskapen. Kyrkja har vore mest oppteken av å forkynda forsoninga, Jesu død og oppstode som vårt grunnlag for frelse. Og dette er grunnlaget for all kristendom. Men diverre har dette ført til at vi har vore for varsame med å forkynda: «Eg trur på Den Heilage Ande». Ei årsak til dette kan vera at vi har vorte hangande for sterkt fast i ein europeisk tradisjon der intellektet og tankane har kome i høgsetet. I vår teoretisering av kyrkja sin bodskap har vi hatt mindre bruk for Guds kraft.

Det er sokneprest Thor Harald Nielsen som seier dette. Han er tidlegare Madagaskarmisjonær og medlem av ein lokal Oase-komite i Bergen.

— I svake kyrkjer, mellom fattige menneske, er situasjonen ein annan. Eg har røynsle frå Afrika der dei kristne er mykje meir avhengige av at Gud grip inn med si kraft. Då får ein også oppleva sanninga i dette at «når eg er svak, då er eg sterk». Det at vi er avhengig av Guds hjelp, gjev opning for Den Heilage Ande si kraft i våre liv.

Men Anden er komen til heile verda, ikkje berre til Afrika eller Asia. Europa har det same tilgjenge til Anden si kraft som andre verdsdelar, seier Nielsen.

— Er det då så viktig å tala så mykje om Den Heilage Ande?

— Ja, det er viktig, svarar sokneprest Nielsen. — Som kyrkjelyd er det samsvar mellom det vi har og det vi forkynder. Alt i Guds rike vert motteke i tru. Avdi vi predikantar ikkje forkynder, har kyrkjelydane ikkje fått del i alle Andens gåver. Kyrkjelyden vert åndsfattig når forkyninga ikkje tek med alle sider ved trua vår. Avdi vi har blitt ein åndsfattig kyrkjelyd i ei åndsfattig verd, har menneske som hungrar etter ånd og liv ofte gått til

eit anna ytterpunkt: I staden for å konsentrera seg om krossen og gløyma krafta, konsentrerer dei seg om krafta og gløymmer krossen.

Bodskapen i pinsa er Guds svar på mi naud og min fattigdom. Han kjem til oss med sitt levande vatn og sine nådemidlar. Vi kan la Anden få gjera sin gjerning i våre liv, til fornying, oppreisning og utrusting til teneste.

Pinsa er kyrkja sin fødselsdag avdi Den Heilage Ande kom til jorda då. Etter påskemorgon er grunnvullen for kyrkja lagt. Men læresveinane vart bedne om å venta til Anden kom. Dei venta, og pinsedagen kom med Anden og skapte vekking og nytt liv. Då fyrst byrja apostlane på si gjerning.

Sidan den fyrste pinsa er enkeltmenneske fødte på ny ved Den Heilage Ande, og Anden har til i dag verka at Jesu liv har strøymt igjennom kyrkjelyden. Gjennom Den Heilage Ande får kyrkja del i den krafta som vakte Jesus opp frå døden.

## Steinen er alt teken bort

Av Liv Nordhaug

Å, Herre, sjå til dine veike vener.  
Vi vantar stundom tru og von og veg.  
Vi ser på vanskane og alt som stengjer,

og veit oss inga råd å finne deg.  
Lat oss i morgonljøs sjå verket gjort.  
Den store steinen er alt teken bort.

Ja, Herre, møt oss på den vonde dagen.  
Syn oss din siger over mørke-makt.  
Lat oss få sjå deg der i påskehagen,  
og finne evig liv, slik du har sagt.  
Kvar den som møter deg, vert hjarteglad,  
og skal få prise deg. Halleluja.

## Helsing frå FRANKRIKE



Det er på tide at de får ei lita helsing frå oss som har vore språkstudentar i Sør-Frankrike dette året. Oss — det er fam. Helgesen og Målfrid Sandvik. Helge Helgesen var vikarprest i Arna 1985/86, og eg Målfrid — er «gamlekateketen» dykkar. Me har vore saman på språkskulen i Le Chambon sidan september.

Fam. Helgesen skal til Madagaskar, og har kortare franskstudium enn meg som skal til Kamerun. Alt i slutten av april reiser Tone og Helge Helgesen og borna Kristin (5 1/2), Leif Kyrre (2) og Kim Tomas (8 mnd.) til Madagaskar. Tone og Helge skal læra gassisk i eit år før dei skal ut i evangeliseringsarbeid på Vest-Madagaskar.

Sjolv vert eg på språkskulen til slutten av juni. Etterpå skal eg delta på eit kurs (språkvitskap/tverrkulturell kommunikasjon) nord for Paris. Så kjem eg heimom ein tur før eg reiser til Kamerun i byrjinga av september. Men før eg byrjar i arbeid skal eg prøva å læra enno eit språk, — fulani (1/2 år).

Kyrkja i Kamerun har enno ikkje heilt bestemt kva stilling eg skal inn i. Men i alle fall vert det eit arbeid innafor kristen opplæring. Eg får nok god bruk for det franske språket i undervisningsarbeidet. Enno er fransken min noko famlande, så eg er glad for at eg også skal få våren og sommaren i Frankrike. Eg trivest svært godt. Samtidig gler eg meg til å koma til Afrika. Takk for at eg får vera dykkar utsending!

Både fam. Helgesen og eg takkar for forbøn!

Dykkar «utsendte kateket» Målfrid

## Nordisk folkegave til Sovjet

Under Nordisk Råds sesjon i Oslo tidlig i mars ble det tid til et lite bibelstudium for enkelte av parlamentarikerne. Det skjedde under et møte mellom Det Norske Bibelselskap med formann biskop Gunnar Lislerud i spissen og presidenten i Nordisk Råd Jan P. Syse, og Sveriges Karin Søder. De fikk seg overrakt den store russiske kommentar-bibelen som takket være nordiske bibelselskap og øst-misjonere er trykket i nytt opplag. Overrekkelsen markerte Bibelselskapets ønske om at de nordiske folk i forbindelse med 1000-års jubileet i Den russisk-ortodokse kirke til sommeren, sender 150.000 eksemplarer av verket som felles-nordisk folkegave. Det ligger nå søknader hos alle de nordiske regjeringer om å støtte dette tiltaket økonomisk. (Fra «Kirkeaktuelt»)

## KONFIRMANTAR I ARNA KYRKJE

### SØNDAG 8. mai kl. 10.00

Alfstad, Hege  
Andersen, Anita Therese  
Bjelde, Lillian  
Bratholmen, Kate Cecilie  
Dagestad, Iselin  
Flatebø, Kristin  
Heggøy, Tone  
Helle, Siv  
Holthe, Lena  
Hvedding, May Brith  
Knudsen, Hege  
Marøy, Margun  
Mosaker, Hilde-Merethe  
Myklebust, Trude  
Saltnes, Gro Hege  
Ølstad, Karen Ingrid  
Aastvedt, Solfrid

Berge, Geir  
Ellingsen, Frode  
Gudmundsen, Christer  
Hausvik, Jan Christian  
Helle, Jan Egil  
Herfindal, Torgeir  
Horvei, John Are  
Kvalø, Bjarte Oliver  
Langenes, Trygve  
Lekven, Per  
Mæland, Stig  
Nesøy, Svein Arne  
Nielsen, Helge  
Nævdal, Thord  
Ronæs, Trond Olav  
Thunestveit, Tor Arne  
Torgilstveit, Sigurd

### SØNDAG 8. mai kl. 12.15

Akselberg, Ine  
Berentsen, Birte Helen  
Eliassen, Turid  
Isaksen, Camilla  
Juvik, Kate  
Natås, Camilla  
Nilsen, Katrine Eikeland  
Olsen, Linda Kristine Methlie  
Osland, Liv Svanhild  
Smørdal, Lillian  
Svarstad, Silje  
Tren gereid, Aina Kristine  
Tveit, Annette  
Vollmer, Marit

Dæmring, Frode  
Fadnes, Ole Morten  
Hansen, Frode  
Hauge, Arild  
Heimvik, Knut Remi  
Hollekve, Sigve  
Igeltjørn, Morten  
Låstad, Vidar  
Myhr, Edvin Torgersen  
Norland, Thorbjørn  
Solberg, Rune Hynning  
Ulveseter, Jan Erik  
Wik, Sigurd

### SØNDAG 15. mai kl. 10.00

Abrahamsen, Kristin  
Granskogli, Elin  
Halsvik, Elin  
Hansen, Vibeke Helen  
Melstvedt, Tove  
Nese, Gry  
Prestegård, Line  
Reigstad, Vigdis  
Revheim, Aina Kristin  
Rygg, Klara  
Solberg, Irene  
Sortland, Jorunn Grete  
Takvam, Kristine

Bjelde, Roger  
Bjånes, Trond Romslo  
Blom, Øyvind  
Duesund, Kjartan  
Garnes, Kåre Henrik  
Gjellesvik, Henning  
Hageberg, Arne Olav  
Helgesen, Christian  
Herfindal, Stig Eirik  
Holdhus, Martin  
Jacobsen, Morten  
Minde, Magnus  
Opedal, Vidar  
Rosvold, Olav  
Rosvold Svein Inge  
Skare, Håvard  
Utne, Terje Morten  
Vareberg, Tore

Akselberg, Jan Vidar  
Berntsen, Frode Kobayashi

### SØNDAG 15. mai kl. 12.15

Algerøy, Bjørg  
Arnesen, Mariann  
Bjørndal, Elisabeth  
Borge, Linda  
Dalaker, Gunn  
Endresen, Monica  
Hereide, Anita  
Kleppstø, Hilde  
Kloster, Merete  
Litland, Inger Merete  
Magnesen, Liv  
Matter, Monica  
Moen, Mariann  
Nordahl, Anne  
Olsen, Anita Helen  
Veland, Vibeke

Algerøy, Terje  
Amland, Ørjan  
Berentsen, Rune  
Bertelsen, Anders  
Børve, Jarle

Ekse, Kent Eivind  
Frønsdal, Morten  
Hansen, Svein Harald Berg  
Haugen, Roy Åge  
Haukeland, Erik  
Helle, Eivind  
Høysæter, Nils Axel Lamo  
Haaland, Kent Ove  
Jensen, Christer  
Kippersund, Stian  
Knudsen, Bjørn Tore  
Kversøy, Svein Erik  
Larsen, Torstein  
Mjelde, Stian  
Mæland, Gudmund  
Mæstad, Bjarte  
Nesset, Terje Bjergene  
Nordstrand, Torkjell  
Ringheim, Geir  
Rolland, Helge  
Torma, Geir Jenø  
Øy, Leidulf

## KONFIRMANTAR I YTRE ARNA KYRKJE

### SØNDAG 8. mai kl. 10.00

Christensen, Roger  
Christensen, Ronny  
Lien, Bjarte  
Lien, Øyvind  
Nordøen, Jøran  
Romerheim, Tom Erik  
Schille, Thomas  
Strømme, Jørn Kalsås

Bratli, Vibeke

Einmo, Anne Mette  
Ferøy, Linda Beate  
Gustavsen, Natalia  
Hinna, Ingvild Am  
Hjortland, Monica  
Holdhus, Tove-Agnete  
Kalsås, Jill Beate  
Mikkelsen, Anne Mette  
Mikkelsen, Trude Bergheim  
Aasheim, Linda Valestrand

### SØNDAG 8. mai kl. 12.00

Aske, Idar  
Berland, Stian  
Blomdal, Jan Yngve  
Fosse, Roar  
Gaupås, Frode  
Hernæs, Stein Ove  
Sagstad, Tore Andre  
Solend, Robert  
Skreien, Øyvind Bårdsen  
Steinset, Kjell-Ove  
Aas, Jim Arne

Gunnarskog, Vivian  
Herland, Mariann  
Hjertø, Ann-Kristin  
Lien, Hege Christin  
Mjelde, Elisabeth  
Sande, May Lill  
Sleire, Trude Venset  
Stammeshagen, Elisabeth  
Svardal, Ingvild  
Thunes, Solfrid  
Villanger, Anette

## KONFIRMANTAR PÅ TRENGEREID

### SØNDAG 24. april kl. 11.00

Falkanger, Kenneth  
Kjerrgård, Tim

Stokke, Bjarte  
Tveranger, Jan Tore

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døyppte

### Arna sokn:

- 13.03: Åse Sjøstrand, Suzanne Bottolfsen, Wenche Hermansen, Tommy Aardal, Kristian Daltveit.
- 26.03: Jørgen Garlid Johannessen. Døyppt i Fjell krk.
- 27.03: Tonje Åsheim, Kristine Bruvik Sagosen.
- 03.04: Maria Tunestveit Kengakaran, Bjørn Einar Hansen Aslaksen, Roy Listhaug. Sindre Hirth, døyppt i Hovin kirke, Jessheim.
- 10.04: Morten Blom Thunestvedt, Henriette Ellertsen, Yngve Ankervold Hauge.

### Ytre Arna sokn:

- 13.03: Remi Andre Svardal Helland
- 20.03: Hans-Petter Lilletvedt Gudmundsen
- 03.04: Ron Fjell Olsen
- 10.04: Janniche Halvorsen Hansen



## Vigde

### Arna sokn:

- 09.04: Irene Mjelde og Ole Johan Bysheim.

## Ofringar i kyrkjelyden

### Arna sokn:

- |         |  |            |
|---------|--|------------|
| 28.02.: | Kyrkjelydsarbeidet                     | kr. 1944,- |
| 16.03.: | Folkebev. for livsrett og menneskeverd | kr. 1666,- |
| 13.03.: | Institutt for kristen oppseding        | kr. 1818,- |
| 20.03.: | Kyrkjelydshuset                        | kr. 2883,- |
| 27.03.: | Det Norske Bibelselskap                | kr. 1740,- |
| 31.03.: | Kyrkjelydsarbeidet                     | kr. 2243,- |
| 03.04.: | Den norske Sjømannsmisjon              | kr. 3183,- |
| 04.04.: | Kyrkjelydshuset                        | kr. 834,-  |

### Trengereid:

- |        |                  |            |
|--------|------------------|------------|
| 26.12: | Misjonsselskapet | kr. 790,-  |
| 31.01: | IKO              | kr. 748,-  |
| 28.02: | Bibelselskapet   | kr. 618,-  |
| 03.04: | Israelsmisjonen  | kr. 426,-  |
|        | Fastebøsser      | kr. 1530,- |

### Ytre Arna sokn:

- |        |                           |            |
|--------|---------------------------|------------|
| 06.03: | Kristent innvandrerarb.   | kr. 716,-  |
| 13.03: | Kyrkjelydsarbeidet        | kr. 1486,- |
| 20.03: | Santalmisjonen            | kr. 1020,- |
| 03.04: | Kyrkjelydsarbeidet        | kr. 1592,- |
| 10.04: | Den norske sjømannsmisjon | kr. 1696,- |

## † Døde

### Arna sokn:

- 24.02.: Håkon Iversen f. 1930
- 02.03: Johanna Nevdal f. 1901
- 05.03: Solveig Erichsen f. 1899
- 22.03: Jørund Hartveit f. 1902
- 28.03: Anders Gjerstad f. 1931
- 02.04: Margot Ingebjørg Njåstad f. 1909

### Ytre Arna sokn:

- 27.02: Kristina Hansen f. 1897
- 13.03: Malvin Ludvik Slengesol f. 1924



## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-  
ne desse søndagane:

Arna: 22.5, 29.5, 12.6, 26.6.  
Ytre Arna: 1.5, 12.5, 22.5, 29.5, 5.6,  
12.6, 26.6.

Ved dåp i Arna bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

## Kateketen har ordet



Erik Rodal

## IF YOU AIM AT NOTHING ARE YOU SURE TO HIT IT

Slik lyder et engelsk ordtak. Oversatt til norsk blir det omtrent dette: Hvis du ikke sikter på noe, er du sikker på å treffe det. Det understreker altså betydningen av å ha et mål med det vi gjør. Det gjelder også i det kristne menighetsarbeidet.

Vi sier jo ofte om det kristne menighetsarbeidet at dets mål er å fremme Guds rike på jobben.

En lignende målsetting, men mer presist formulert har vi også for konfirmantarbeidet. I Plan for konfirmasjonstiden er det overordnede målet for konfirmantarbeidet formulert slik

«målet for konfirmasjonstida er å vekke og styrkje det truslivet som vert gitt i dåpen, for at dei unge kan leve og vekse som Jesu Kristi lære-sveinar».

Gjennom konfirmantarbeidet ønsker vi altså både å nå nye ungdommer med evangeliet. Og å hjelpe disse, og de som allerede regner seg som kristne til å leve som kristne i tro og tjeneste. Og med små forandringer kan vel målformuleringen benyttes som et overordnet mål for alt kristent arbeid. Men åndelig liv og vekst er Guds verk. Det er derfor ikke så lett å måle om vi når dette målet. Det er et mål for evigheten. Så selv om vi har et slikt overordnet mål trenger vi konkrete og målbare delmål. Vi trenger mål som vi kan vite om vi har nådd. Ikke bare mål for evigheten, men mål som sier oss noe om hvor vi ønsker å

være om 3 år, og mål som igjen viser oss hvor vi må være om ett år. For å komme dit vi ønsker å være om tre år. Det kan høres tørt ut og teoretisk ut. Men det det går på er det å ha en visjon for det en gjør. En visjon en har sammen med de andre en arbeider sammen med, og som en sammen med dem arbeider for å virkeliggjøre. Skritt for skritt. Det er den sikreste veien til ikke å gå trøtt i det arbeidet en står i.

Så når en om ikke så lenge rundt omkring i foreninger og lag skal sette seg ned å planlegge for høsten, så begynner ikke med å spørre: «Er det noen som har et forslag til noe vi kan gjøre i høst». Nei spør heller, hvor mange nye ønsker vi å ha med om tre år. Og si ikke: så mange som mulig. Nei, si et tall. Og om dere blir enig om tyve så spør dere selv om hva dere må gjøre for å nå det målet. Og begynn å tenk på hvem dere skal spørre om å bli med, og hvordan dere skal holde kontakten med de som kommer uten at dere har spurt dem. Men som Gud bare sender i deres vei.

Lykke til.

## Eldretur

Eldretreffet på Flatane, Ytre Arna, arrangerer også dette året busstur. Alle detaljar om turen er ikkje avgjort heilt enno, men slik det no ser ut, vert dagen onsdag 15. juni og staden vi stoppar for å få middag: Stordalen Fjellstove i Masfjorden. Det kan verta endringar på dette, men det vil ein få vita meir om ved å kontakta Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 24 85 46. Turen er open for alle interesserte så langt det vert plass i bussen, og ein melder seg på til Ytre Arna kyrkjekontor. Reiseleiart vert res.kap. Harald Sundsbø.

## RANSEL

Ein ny ransel er attgløymd i Arna kyrkje. Eigaren kan kontakta Arna kyrkjekontor, tlf. 24 04 00.

# MØTE

## Arna bedehus

- 28.4: Eldretreff kl. 17.00.  
01.5: Møte v/bibelskolelærer Rune Singelstad kl. 19.00.  
05.5: Møte kl. 19.30.  
08.5: Møte kl. 19.00.  
17.5: Nasjonaldagsfest.  
20.5: Fredagssamling kl. 17.30.  
23.5: Møte kl. 19.00.  
29.5: Møte v/Oddmund Tverranger kl. 19.00.

## Betania, Lone

- 28.4: Nattverdsmøte.  
30.4: Møte v/BUF/  
Muhammedanarmisj.  
01.5: Møte v/Y-ungdom.  
08.5: Møte v/Indremisjonen.  
Innsamling, Betania.  
15.5: Møte v/Israelsmisjonen.  
17.5: Fest v/BUF.  
23.5: Møte v/NLM.  
26.5: Nattverdsmøte.  
28.5: Ungdomskveld v/BUF.  
29.5: Møte v/Indremisjonen.  
02.6: Årsmøte v/BUF  
05.6: Y-Ungdomsstevne

## Ytre Arna bedehus

- 01.5: Møte kl. 19.00.  
12.5: Møte kl. 19.00.  
17.5: Familiefest.  
22.5: Møte kl. 19.00.  
29.5: Møte kl. 19.00.

# Aktiv dødshjelp skræmmande

— Dersom ein opnar for aktiv dødshjelp, vil det gå hardest ut over dei funksjonshemma, seier den svaksynte syklisten Tore Nærland til avisa Dagen. — Skremmande og katastrofalt, er kommentaren til rektor Inge Lønning ved Universitetet i Oslo.

# KYRKJESKYSS

Kyrkjeskysen frå Haukeland/Espe-land fungerer slik:

- 01.05: Konrad Borge Tlf. 24 00 31  
08.05: Sverre Myklebust Tlf. 24 29 05  
15.05: Svein Mjelde Tlf. 24 28 71  
22.05: Ingrid Hope Tlf. 24 08 08  
29.05: Harald Røsland Tlf. 24 08 70  
05.06: Konrad Borge Tlf. 24 00 31  
12.06: Sverre Myklebust Tlf. 24 29 05  
19.06: Svein Mjelde Tlf. 24 28 71  
26.06: Ingrid Hope Tlf. 24 08 08

# Basar for Kyrkjelydshuset


Kyrkjeringane i Arna heldt basar i Arna bedehus 8. april. Dei hadde fått inn ei mengde fine gevinstar, og netto overskot på basaren var nesten 14.000 kroner. Gjennom kyrkjelydshuset vil dei gjerne retta ei varm takk til alle som gav gevinstar.

# Konfirmantar løner sjåfør

Også dette året er konfirmantane i Ytre Arna engasjert i eit konkret hjelpeprosjekt i samband med avslutninga av konfirmanttida. I samband med Den norske Santalmisjon samlar dei inn pengar til ei årsløn for ein sjåfør ved mobilklinikken i Ammura i Bangladesh.

Med klinikken køyrer dei rundt og driv førebyggjande helsearbeid der opplysning overfor kvinner står sentralt. Det vert og gjeve behandling for ein del sjukdommar, m.a. tuberkulose. Dette er i eit område der det ikkje er anna helseteneste, og det er difor til stor hjelp for dei som får nytte av det. Årsløna er på ca. kr. 4.000 for sjåføren, og konfirmantane i samarbeid med presten arrangerar eit lotteri for å få inn dette.

# Frå Bangladesh til Lone skule



Første skuledagen i Norge. Frå venstre: Jostein, Marit Kristine og Kjetil.

Jostein, Kjetil og Marit Kristine går i 5, 4. og 2. klasse på Lone skule. Men der har dei ikkje gått alltid. Sammen med foreldrene har de vært i Bangladesh, som misjonærer for Den norske santalmisjon. Jostein har gått 4 år, Kjetil 3 år og Marit Kristine 1 år på skole i Bangladesh. Skolen de har gått på er en norsk skole, med norske lærebøker og norsk lærer. Skolen hadde i fjor 9 elever (fra 1. til 4. klasse). Noen av disse barna får bare komme hjem til mor og far i helgene, men Jostein, Kjetil og Marit Kristine har bodd så nær skolen at de har bodd hjemme hele tiden. Vi tar en liten prat rundt frokostbordet.

— Hvordan syns dere det var å gå på skole i Bangladesh?

Marit Kristine: — Jeg synes det var fint. Og så hadde vi det så gøy i friminuttene. Da gikk vi Gangerolf og klatret i trær. Og så spiste vi skolematen ute. I gymnastikktimene badet vi nesten alltid for det var så varmt. Men av og til var det frosker i bassenget, og det var ekkelt.

Jostein: — I Bangladesh lærte vi så mye, for vi var så liten klasse. Vi gikk på skolen 4 dager i uken. Vi gikk på skole om ettermiddagen og, og det var gøy.

Kjetil: — Jeg synes friminuttene er gøyere i Norge, for da spenner vi fot-

ball. Og så er det bra at vi bare har skole om formiddagen.

Jostein: — Jeg syns det var fint å bo i Bangladesh. Det er bra at det er varmt der, for da slipper vi å ha så mye klær på oss. Det kunne forresten godt vært snø av og til, for det er så fine bakker der. Men det hadde vært dumt for de fattige, for de har så lite klær.

Marit Kristine: — Jeg synes det er dumt at det er så mange fattige der.

Alle 3 syns det er fint å være i Norge.

Jostein: — Når jeg er i Bangladesh savner jeg ofte familien og kameratene i Norge. Og så er det så fint i Norge, og så er det så mye god mat. Men det er litt trist om høsten der.

Kjetil: — Det er fint i Norge, for her forstår vi alt som folk sier, og så har de norsk TV her.

— Hvorfor reiste vi til Bangladesh?

Kjetil: — Det er nesten ingen kristne der, derfor må vi reise dit og fortelle om Jesus.

Marit Kristine: — Faren vår er doktor og han hjelper de syke som kommer til klinikken.

Jostein, Kjetil og Marit Kristine skal være 1 år til i Norge, så reiser hele familien ut igjen til Bangladesh. Det gleder de seg til, sier de.

# ÅRSFEST I ARNA KYRKJELYD



Søndag 10. april inviterte Arna sokneråd til årsfest i kyrkjelyden. Denne gongen var festen lagt til Tunes bedehus, og det var ein fullsett sal der under festen. Soknerådet har dei siste åra hatt denne festen på ulike stader for å koma litt rundt i kyrkjelyden.

Sokneprest Arnfinn Haram i Loddefjord heldt tale og song. Ten Sing medverka med fleire innslag, og opplesing mellom anna om ho Bø-Laura på barsar, var det og rom for.

På biletet ser vi delar av Ten Sing under festen.

Ten Sing hadde den helga eit travelt program. Om føremiddagen song dei på gudstenesta i kyrkja, og heile laurdagen var dei samla til øving.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11. 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde.

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Bjørg Hellesev.

Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

**K.a.s. Sarepta**

5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleivland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## Kranser Bårebuketter

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.

Transport med egen bil.

Annonser, sanger, sløyfer.

Monumenter besørjes oppsatt.

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

Bil – Båt og  
varetransport



NOROL

## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.



# Velkommen til kyrkje

- Mai 01.** 4. s. etter påske. *Tekst: Joh. 15. 10-17.*  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Mellomkirkeleg råd. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 10.00: Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.
- Mai 03.** Arna kl. 19.00: Sokneprest Øy og kateket Rodal. Samtalegudsteneste. Ådnamarka.
- Mai 08.** 5. s. etter påske. *Tekst: Matt. 6. 6-13*  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy og kateket Rodal. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 12.15: Sokneprest Øy og kateket Rodal. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 10.00: Res.kap. Sundsbø. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 12.00: Res.kap. Sundsbø. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mai 12.** Helgetorsdag. *Tekst: Ap.gj. 1. 1-11.*  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Luthersk Teologisk seminar.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.
- Mai 15.** 6. s. etter påske. *Tekst: Sak. 14. 7-9.*  
Arna kl. 10.00: Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 12.15: Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. KONFIRMASJON. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mai 17.** Grunnlovsdag. *Tekst: Joh. 12. 35-36*  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. FESTGUDSTENESTE. Takkoffer til Søndagsskolen i Arna.  
Ytre Arna kl. 10.00: Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE.  
Trengeid kl. 11.30: Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE.
- Mai 22.** 1. Pinsedag. *Tekst: Joh. 14.15-21.*  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. HØGTIDSGUDSTENESTE. Takkoffer til Dei fire diakoniinstitusjonane.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. HØGTIDSGUDSTENESTE. Takkoffer til Nordhordland indremisjon.  
Trengeid kl. 18.00: Sokneprest Øy. HØGTIDSGUDSTENESTE.
- Mai 23.** 2. Pinsedag. *Tekst: Joh. 6. 44-47.*  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg.
- Mai 29.** Trefningssøndag. *Tekst: Matt. 28. 16-20.*  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Helge Hitland. Takkoffer til Santalmisjonen. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kristenrussen i Bergen. Nattverd.
- Juni 05.** 2. søndag etter pinse. *Tekst: Lukas 12. 13-21.*  
Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. 60-ÅRS KONFIRMANTAR. Takkoffer til Den norske misjonsallianse.  
Takvam kl. 17.00: Biskop Lønning. Vigsling av kapellet.
- Juni 12.** 3. søndag etter pinse. *Tekst: 1. Kor. 1. 26-31.*  
Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til kristent innvandrarbeid.